

Referat FAU Foldnes skule

Dato:	15.09.2025	Referent:	Hallvar
Sted:	Foldnes skule		
	Desse er innkalla:	Møtt	Fråfall
1.	Hallvar(1A)	X	
2.	Casper(1B)	X	
3.	Kjersti(2A)	X	
4.	Marianne (2B)	X	
5.	Kristine (3A)	X	
6.	Tone Synnøve(3B)	X Stedfortreder: Ramona)	
7.	Morten(4A)	X	
8.	Caroline(4B)	X	
9.	Nils(5A)	X	
10.	Marianne(5B)	X	
11.	Marie (6A)	X	
12.	Laurice (6B)	X	
13.	Tony(7A)	X	
14.	Kari (7B)		X

Sak		Ansvarlig	Frist
1	Rektor informerer Rektor måtte melde fråfall.		
2	Skolefrukt Saka vert teken opp igjen når rektor er til stades. Det har vore utfordringar knytt til logistikk og svinn ved tidlegare forsøk. Elevane har som ofte med eigen frukt, som kan være eit greitt alternativ. Mattilbodet på SFO vart også nemnt. Det kan diskuterast om dette tilbodet kan utvidast.		
3	Skolefotografering Det er misnøye med den leverandøren som har hatt skulefotografering i dei siste åra. Moglegheit for å byte leverandør vert teken opp når rektor er til stades. FAU vil gje ei samla tilbakemelding.		
4	Fysiske lærebøker		

	FAU uttrykkjer uro over mangelen på fysiske bøker, særleg i matematikk. Det er inneforstått at økonomi styrer mengda bøker, men økonomi må ikkje trumfe læring ved val av læringsverktøy.		
5	Smartmobilmfri skole Nokre skular i kommunen har starta med mobilmfri ordning, både på skulen og heime. Gode erfaringar frå andre skular vart nemnt. FAU vil ta til orde for å få utarbeidd retningsliner for skulen.		
6	Kommunalt foreldreutvalg Stiftingsmøte 27. oktober. Foldnes skule fasilerer. FAU-leiarar frå alle skular deltek. På stiftingsmøtet møter også alle vara. Askøy sitt KFU vert brukt som modell.		
7	Valg av roller • 7. mai-komité: 2., 4. og 6. klasse. Val vart utsett til neste møte. • Trafikkansvarleg: Marianne (2B) tek rolla. Det vert mellom anna planlagt reflekskonkurranse med pizza som premie. • Elevkveldansvarleg: Nils (5A). Første elevkveld vert ein torsdag etter haustferien. Alternativer til elevkveld vert vurdert.		
8	Gjennomgang årshjul Årshjulet vart gjennomgått. Det er lite aktivitet rundt jul så FAU ynskjer å planlegge juletrefest. Ansvar for gjennomføring vert fordelt på klassene. Det vert forutsatt bruk av gymsalen og dette må avklarast.		
9	Eventuelt • FAU opprettar kommunikasjonskanal i Spond. Retningslinjer for klassekanalar vert utarbeidd av FAU. Det er fleire som tek til orde for å gå vekk frå Facebook.		

	• Klassekontonummer skal sendast til Kari (7B). FAU overfører 1000 kr + 100 kr per elev. Skal ikkje brukast til gåver til lærarar – dette ordnar FAU sjølv. • Det er meldt om skadar ved det nye klatrestativet. FAU etterspør risikovurdering. •		
--	---	--	--

Neste møte	13.10.25
-------------------	----------